

# Bøker, musikk og film – rett heim

9 000 born får pakkar med bibelforteljingar, kveldsbøner og filmar i postkassa tre gonger i året.



Av Turid K. Vevatne

**–Den viktigaste trusopplæringa, dei beste samtalan og den ærlegaste undringa skjer i heimen.**

Midt mellom middagsrestar, legoklossar og sofaputer. Kvar gong pakken frå Tripp Trapp kjem, så er produkta med på å skape rom for tru, håp og undring heime hos oss, seier Karen Kilane, trusopplærar i Den norske kyrkje og mamma til to små jenter.

Dåpsklubben Tripp Trapp er eit tilbod for foreldre, besteforeldre, fadrar og andre vaksne som ønskjer at born dei er glade i skal få opplæring i kristen tru. Klubben tilbyr

tre pakkar i året. Desse er varierte og inneheld bøker, CD-ar, DVD-ar, tøyprodukt og anna materiell. Produkta er tilpassa alder og utviklingsnivå til barnet.

## Tru i kvardagen

– Eg og borna mine er spesielt glade i *Kirkerottene* og *Bo og Nora*, som vi har blitt kjent med gjennom klubben, seier Karen. – Vi har ledd og grått, prata om det skumle og det gode saman med desse gode figurane, seier ho.

Dagleg leiar i klubben, Cecilie Holdø, seier at produkta i klubben, saman med samtalar og ritual som lystenning, kveldsbøner og liknande vil kunne styrkje fellesskapet i familien, og dessutan gi trua ein plass i kvardagen til barnet.

## Leve livet

IKO-Forlaget, som driv klubben, ønskjer å formidle bibelforteljingar til borna, men også å presentere dei gode skjønnlitterære forteljingane til dei. Holdø meiner desse forteljingane kan vise at verda består av meir enn det vi kan ta og kjenne på. – Å hjelpe born til å leve livet og finne meininga med det – det er teologi på sitt beste, seier ho.

Dåpsklubben Tripp Trapp er for born mellom 0 og 12 år. Klubben har ingen krav til minstekjøp, og som i andre bokklubbar kan ein velje å avbestilla pakkar eller å bestille ekstraprodukt med gode tilbudsprisar.

Sjå [www.tripptrapp-klubben.no](http://www.tripptrapp-klubben.no) for meir informasjon.